



Justis- og beredskapsdepartementet

Dato: 13.05.2015

Vår ref: 15/443 - 5 TJO (15/19094)

Dykkar ref:

Høyringsvar frå Møre biskop, om endringar i utlendingsforskriften (forskrift av 15. oktober 2009 nr. 1286)

Viser til utsend høyring om forslag til endringar i forskrift 15. oktober 2009 nr. 1286 «om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsforskriften).»

Møre biskop støttar dei endringane som vert fremja i forskrifta, og har fylgjande svar til høyringa:

1. Biskopen vil påpeike at denne saka kjem opp som fylgje av utsendingar som aldri burde ha vore gjennomført. Den opprydningsaksjonen som no er sett i gang, vitnar for all verda at barna sitt beste ikkje har vore vektlagt godt nok i desse sakene, og at politiske vedtak ikkje er blitt fulgt opp av regjeringa. Når denne uretten først har skjedd, er det bra at regjeringa så raskt tek grep for å nå dei som urettmessig vart sendt ut av landet i perioden 1.07.2014 til 18.03.2015. La oss vone at dei barna og familiare som rettmessig skulle ha vore i Norge heile tida, let seg finne der dei er - og at dei har krefter og mot til å søke om opphald i Norge på nytt. Vår kristne og humanistiske kulturarv skulle framfor alt gi oss auge til å sjå desse barna, som i mange høve ikkje kjenner noko anna heimland enn Norge.
2. Biskopen støttar den nye forskrifta, og med bakgrunn i FN sin barnekonvensjon vonar biskopen at tiltaka kan settast i verk snarast råd. I høyringsvar av 14.08.2014 frå biskopen i Møre om «varig ordning for lengeværende barn og begrunnelse i vedtak som berører barn» sa biskopen fylgjande: *«FN sin barnekonvensjon må tillegast stor vekt når det gjeld å vurdere barn sitt behov for opphald og vern i Norge. Når artikkel 3 slår fast at barnet sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn («primary consideration») i alle handlingar som gjeld barn – så er det vanskelig å forstå korleis departementet i høyringa under punkt 4 kan hevde at dette likevel inneber at andre omsyn (inneforstått: «innvandringsregulerende hensyn») kan tillegast like stor eller større vekt. Dersom ein skal ta regjeringa sin politiske plattform på alvor, må det nettopp vere fokuset på kva som er best for barnet, som vert tillagt større vekt i vurderingane. I denne heiter det at regelendringa skal medverke til at «utlendingsmyndighetene i større grad vektlegger hensynet til hva som er barnefaglig forsvarlig».*

Dette er framleis kjernen i saka etter biskopen sitt syn.

Biskopen i Møre stiller seg også bak dei vurderingar som er gjort med omsyn til bruk av skjøn når det gjeld kven som skal omfattast av dei nye endringane, og

vil understreke at ein i tråd med barnekonvensjonen alltid må ha barnets beste for auge. I slike vurderingar må det også takast omsyn til at søsken over 18 i mange høve må få opphald når resten av familien får opphald. Biskopen meiner det er avgjernade slik høyringa også legg vekt på at ein så langt det er råd, når tak i alle dei 30 familieane dette gjeld, i 16 ulike land, med informasjon og bistand – for å sikre at dei verkeleg får høve til å søke frå utlandet om opphald i Norge på nytt.

Ingeborg Midttømme
Biskop

Tore Johan Øvstebø
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Justis- og beredskapsdepartementet